

Informant: Aaste Nisi f. 1905

Kart: Nordnatten BT 040 - 5 - 1

Namn	Uttale	Prep.	Kva det er namn på
Ned-Brekke	nebrække el. nistugu	i	Gard.
Nesledalen	následaln	i	Ekre. Eit avhol, aldri tørt høy.
Sørsflåta	sørsflåta	på	Oppbrote jord.
Venevoll	venevøll	på	Ekre. Beste jordet.
Dåsåkerholet	dåsåkerhåle	i	Like nedom husa. Mykje kratt, serleg hassel.
Smiuekra	smiuekra	på	Lita ekre like ovanfor vegen.
Stubbeua	stubbeua	i	Gamal plass. Ganske bratt.
Den kvite steinen	den gvite stein	på	Øvst på eit berg er det ein del som er heilt kvit. Fin utsikt.
Oddrud	ødderu	i	Plass. Ikkje så bratt. Også kalla Øverland.
Kasinjordet	kasinjole	i	Plass.
Davidrova	davidrova	i	Ei lang, smal slåtte. Kanskje namn etter David Tomassen.
Småliane	smálién	i	Li oppover frå Oddrud til Nordnatten.
Den snaue haugen	den snaue haugen	på	Ein snau haug i enden av Lange-myrr.
Høgekås	høgekås	i	Ei god gjetsleli.
Bursåsen	bursåsn	på	Ås.
Jonsgardsmyra	jonsgalsmyra	på	Myr like ved Bursåsen.
Jonsokmyra	jonsåkmyra	på	Myr.
Småskotbakken	småskåtbakken	i	Har gått stig der, noko bratt.
Klappemyr	klåppemyr	på	Myr.
Klappmyrholet	klåppmyrhåle	i	Lita myr.
Klappmyråsen	klåppmyråsn	på	Ein liten haug.
Bjønnemyr	bjønnemyr	på	Fleire myrar, i alle fall to.
Langemyråsen	langemyråsn	på	Ås.
Langemyr	langemyr	på	Lang, smal myr.
Nordnatten	nolnatten	på	Ås.
Nordnattslia	nolnattslia	i	Beitemark.
Opp og ned myra	upp o ne myra	på	Myr.
Saltgrasholet	seltgrashåle	myr	Myr med to små tjønner.
Livsløytetjønn	livsløytekjønn		Tjønn.
Kolbotn	kålbåtn	i	Stule.
Svarteli	svarteli	i	Lia frå Bjønnemyrane til Kolbotn
Høgelilia	høgelilia	i	Beitemark.